

Møterefertat styremøte

FONNES BYGDELAG

Sted: Bua på Fønnes

Dato: 06.06.2023 kl. 18:00

Deltakarar: Øystein Austrheim, Monica Fønnes, Harald Sognnes, Hege Ramsland, Arild Tresvik og Helge Nyheim

Kopi: Ida G. Fønnes og Idunn H. Brubakken

Referent: Harald Sognnes

Øystein informerte om at Bygdelaget har sendt 1000 kroner til velferd for tilsette i kreftavdelinga på Haukeland Sjukehus.

Saksliste:

1. Referat frå forrige møte
2. Økonomistatus
3. Status St. Hans feiring og Vardetangsløpet
4. Status Fønnesdagane
5. Status prosjekta
 - a) Flytebryggeprosjektet
 - b) Fønnesvågen
 - c) Forlengje gjerdet i «Klomresvingen» opp til Vardetangen
6. Gjennomgang av aksjonslist
7. Eventuelt

Referat:

1. Referat frå forrige møte
Referatet frå møtet 26.4.2023 gjennomgått. Referatet godkjent.
2. Økonomistatus
Økonomien i laget er fortsett svært god. Det er 512 000 kroner på konto.
Har betalt 277 000 for flytebrygga.
Kommunen har budsjettert med 150 000 til dette prosjektet, Arild avklarar.
Har fått 10 000 kroner frå RMNN til å forlengje gjerdet i «Klomresvingen» opp til Vardetangen.
Vedtak: Konto for Fønnesdagane ver overført til konto for Fønnes Bygdelag.
3. Status St. Hans feiring
Feiringa vert flytta til fredag 23. juni. Det vert ikkje Vardetangsløp i år, men fleire aktivitetar for born.
Ryddinga i Årevika og bygging av St. Hans bål er utsett til tysdag 13. juni kl. 17 – 19.
Sosial aktivitets gruppa foreslår å arrangera ei krabbefest i Årevika den 16. september 2023. Dei vil og jobba vidare med fleire arrangement utover.

4. Status Fønnesdagane
Fønnesdagane vert 11. – 12. – 13. august 2023.
Musikken for fredag og laurdag er avklart.

5. Status prosjekta
 - a) Flytebryggeprosjektet
Bryggja er levert og ligg i Nordre Fønnesvågen. Det må sendast inn søknad om å få legga ut flytebrygga. Søknaden vert laga av ArkoConsult og vil koma på 30-50 000.
Kommunen vil betala for dette, men Bygdelaget må kanskje legga ut først.
 - b) Fønnesvågen
Harald orienterte frå arbeidet i gruppa NF. Landskapsarkitekt Jarle Skjold i Asplan Viak, var på befarung 17. april 2023 og har laga et forslag til arbeidsoppgåver samt timeestimat, for utforming av turvegen, piren og parkeringsplassen for å kunne laga søknad om tippemidlar. Der inngår og eit oppsett for 3D illustrasjonar av området til bruk i søknader til Gjensidige Stiftelsen og Sparebanken Vest. Han estimerer å bruka 150 timar til ein timepris på 1200 kroner. Dette gjev eit honorarbudsjettpå om lag 180 000 eks. mva. Tar ein ut 3D illustrasjonane vert det 110 timar, som gjev eit honorarbudsjettpå om lag 130 000 eks. mva. Harald lagar ei sak på Nordre Fønnesvågen til neste møte til hausten der det ver lagt ved ei liste på grunneigarar langs indre delen av vågen.
 - c) Forlengje gjerdet i «Klommresvingen» opp til Vardetangen
Vedtaket: Bygdelaget forskoterer å forlengje gjerdet 11 meter oppe og 14 meter nede samt lege eit rekkverk langs gjerdet heile vegen. Prisen for dette vert om lag 43 000 kroner.

6. Gjennomgang av aksjonslista
Aksjonslista vart ikkje gjennomgått.

7. Eventuelt.
 - a) Øystein undersøker meir om tilgang til Teljeapparat på Vardetangen.
 - b) Øystein undersøker om å ta i bruk arrangement stempelet Nordhordland UNESCO Biosfære på Fønnesdagane.

Møtet slutt 20:00